

## UKM fylkesfestival 2021 - digital løysing

### **Samandrag**

Hovudutval for kultur, idrett og integrering gjorde 16. september 2020 vedtak om at det vert arrangert to fylkesfestivalar i UKM (Ung Kultur Møtest) i Vestland i 2021, på Voss og i Måløy, dersom ikkje praktiske eller økonomiske omsyn taler mot det. Koronapandemien og smittevernomsyn gjer at det er svært avgrensa kor mange personar som kan samlast på kulturelle arrangement. Prognosar frå folkehelseinstituttet og meldingar frå regjeringa syner at ein mogleg ny smittetopp kan kome i april, som er den månaden då UKM sine fylkesfestivalar er planlagt gjennomførte. Av smittevernomsyn har ein difor valt å gå bort frå ein fylkesfestival i vanleg form. UKM fylkesfestival i Vestland vert arrangert digitalt i 2021.

### **Bakgrunn**

Koronapandemien og omsynet til smittevern førte til at UKM sine fylkesfestivalar i 2020 ikkje gjekk som planlagt, men vart arrangert digitalt og kalla «Live med UKM». UKM fylkesfestival 2021 vart i Hovudutval for kultur, idrett og integrering 16.09.2020 likevel vedteke arrangert som to fylkesfestivalar tilsvarande planane for 2020. Etter at vedtaket vart gjort i september, tok smittespreiinga seg opp igjen, og ein måtte gjere ei ny vurdering av korleis festivalane skulle gjennomførast våren 2021.

UKM sin fylkeskontakt i Vestland fylkeskommune og kommunekontaktane i fylket hadde dialogmøte 11.11.2020. Trass i delte meningar, ynskte dei fleste kommunekontaktane at fylkesfestivalen skulle gjennomførast i vanleg form på fysiske arenaer. Etter gjennomføring av liknande dialogmøte mellom UKM-nettverket (UKM fylkeskontaktane i heile landet) og UKM Norge, syntet det seg at fleire fylke var usikre på gjennomføringa, og at ein digital festival var ei løysing dei fleste kunne stille seg bak. UKM Norge har i denne perioden hatt fleire rundar på gjennomføring av landsfestivalen. Den 8. desember vart det avgjort at landsfestivalen 2021 skulle avlysast og at alle tilgjengelege ressursar i 2021 skulle nyttast for å styrke og utvikle UKM lokalt og regionalt.

Prognosar formidla av regjeringa og folkehelseinstituttet tilseier at det sannsynlegvis vert ein smittetopp i april 2021, som er i den same perioden som UKM fylkesfestival Vestland er planlagt gjennomført. Ved å velje ei digital løysing for fylkesfestivalen tek ein høgde for at koronasituasjonen og smittevernreglane kan stille krav om avgrensa sosial aktivitet og restriksjonar på fysiske arrangement. Konklusjonen er at UKM fylkesfestival 2021 vert arrangert som ein digital festival.

### **UKM - digital løysing**

#### **Prosjektleiing og fjernsynsproduksjon**

Etter å ha vurdert ulike løysingar har ein bestemt at UKM fylkesfestival Vestland 2021 vert produsert i form av ein fjernsynsproduksjon. Denne løysinga krev omfattande prosjektleiing og profesjonell produksjon. Prosjektleiinga kjem til å bli lyst ut, og fjernsynsproduksjonen kjem ut på anbod. Prosjektleiing, fjernsynsproduksjonen og heile prosessen elles vert gjort med medverknad av unge arrangørar (UA) frå nokre av kommunane. Produksjonen vil vere mobil og det vil bli gjort opptak lokalt i kommunane. Sendinga blir soleis samansett av opptak av scenekunst, visuell kunst og andre uttrykk. Ved å gjere opptak lokalt vil ein kunne unngå at mange ungdomar samlast, og det vil vere enklare å halde seg til gjeldande reglar for smittevern.

## Vidaresending og innslag

Vidaresending fra kommunane til fylkesfestivalen skjer som vanleg, med definerte kvotar for kommunane. Inkluderte innslag vil tilsvare ei vanleg gjennomføring av UKM fylkesfestival. Dette vil omfatte scenekunst, musikk, litteratur, visuell kunst, film, matlaging, «gaming»/ e-sport, sceneteknikk, media, i tillegg til konferansierar mm.

## Den digitale møteplassen

UKM handlar om at ung kultur møtest. I samarbeid med UA og UKM Norge skal fylkeskommunen medverke til å finne løysingar når det gjeld bruk av digitale møteplassar som del av fylkesfestivalen i digital versjon. Døme på slike møteplassar for ungdom er Snapchat, Instagram, YouTube, Discord, TikTok. Desse er tilrådd av UKM-nettverket og UKM Norge.

## Strøyming

Planen er at produksjonen av den digitale fylkesfestivalen skal bestå av ein serie med strøymingar, jf. ovanfor. I tillegg har UKM Norge si eiga plattform for strøyming. For å sikre at ein når dei ynskte målgruppene, skal det utformast ein mediestrategi, noko ein har gode erfaringar med frå tidlegare arrangement.

## Ung kultur

Eit mål med den digitale løysinga er å syne fram kulturell aktivitet med ungdom frå fylket vårt, og kva denne aktiviteten har å seie for dei. Ei slik løysing kan vere fint for rekrutteringa til UKM, og å syne fram kva UKM kan vere.

Det er UKM lokalt i kvardegen til ungdommen som er det aller viktigaste med UKM. Ei digital formidlingsløysing for fylkesfestivalen vil kunne medverke til dette, og vere samlande for ung kultur i Vestland fylke.

## Budsjett

Kostnader med den digitale løysinga vil hovudsakleg gjelde prosjektleiing, fjernsynsproduksjon og reise ved opptak. I tillegg må det budsjetterast for leige av lokale for kommunevise opptak, og ymse.

Då ein digital fylkesfestival er ei anna løysing enn den vanlege forma på eit slikt arrangement, må midlane omdisponerast. Den totale budsjetttramma for UKM er på kr. 1 740 000,- i 2021. Budsjettet skal dekkje gjennomføringa av fylkesfestivalen i tillegg til arbeidet mot lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Det er sett av 1,5 mill på budsjettet for UKM digital fylkesfestival. Fylkesdirektøren omdisponerer 1,5 mill av det samla budsjettet på 1,74 mill til gjennomføring av UKM fylkesfestival i digitalt format.

Budsjett UKM digital fylkesfestival 2021.		
	Total budsjetttramme UKM 2021	1 740 000
	Budsjetttramme digital fylkesfestival 2021	1 500 000
Utgifter	Prosjektleiar/ produsent i 3 månadar - Utlysing	200 000
	Videoproduksjon pr. dag i 20 dagar a kr. 40 000 - anbod	Kameraførarar, videomiksar, lydteknikar, utstyr
	reise pr dag i 20 dagar a kr. 5 000	800 000 100 000
	Leige av lokale	140 000
	Lokale teknikkarar	80 000
	Ymse	180 000

<u>Sum utgifter</u>	<u>1 500 000</u>
---------------------	------------------